

*Vi skal få til meir!*

# STRATEGI

## 2019–2023

NPE

NORSK PASIENTSKADEERSTATNING



# VI SKAL FÅ TIL MEIR!

# STRATEGISK HOVUDMÅL



**Vi skal redusere saksbehandlings-tida ved å forenkle måten vi jobbar på**



Vi brukar **tida** effektivt



Vi brukar **kompetansen** vår innovativt og løysingsorientert



Vi har effektive og målretta **avgjerds-prosessar**



Vi brukar gode **digitale verktøy**



# Vi brukar **tida** effektivt

Dette gjer vi gjennom å:

## prioritere arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gir verdi

**Det inneber å:**

- vere medviten, open og tydeleg på kva oppgåver vi prioriterer
- tenkje nytt og teste utviklingstiltak raskt og uformelt
- vurdere kva møte det er trong for og gjennomføre desse effektivt og strukturert
- setje i gang prosjekt på ein god måte og følgje opp, evaluere og synliggjere resultata

## effektivisere kvart ledd i saksbehandlinga av pasientskadar

**Det inneber å:**

- bruke handlingsrommet vi har i forvaltingslova for å redusere saksbehandlingstida
- sjå heilskapen i saksgangen, slik at kvar medarbeidar ferdigstiller delen sin så raskt som mogleg
- vidareutvikle måten dei sakkunnige jobbar på
- forbetre samhandlinga mellom saksbehandlarane og sakkunnige
- utvide bruken av normvedtak og ta i bruk standardiserte løysingar



### effektivisere arbeidet i alle einingar

**Det inneber å:**

- sikre samhandling på tvers av fagmiljøa
- sjå heilskapen slik at kvar medarbeidar ferdigstiller delen sin så raskt som mogleg
- jobbe målretta med å utvikle arbeidsmetodar

### gi brukarane ansvar for å bidra meir i søknadsprosessen

**Det inneber å:**

- gi brukaren større ansvar for å hente inn dokumentasjon i saka
- stille krav til presise og nødvendige opplysingar i søknadsskjemaet
- stille krav til presise og nødvendige opplysingar i andre skjema
- bruke «Mi side» som fyrstevalet når vi kommuniserer med brukarane

### skape ein open samarbeidskultur

**Det inneber å:**

- kommunisere opent og tydeleg med kollegaer – òg på tvers av seksjonar og avdelingar
- ha gode arenaer for samhandling, utvikling og innovasjon
- skape tillit og tryggleik i organisasjonen – leiarane går føre
- avklare roller og ta ansvar for eiga rolle



# Vi brukar **kompetansen** vår innovativt og løysingsorientert

Dette gjer vi gjennom å:

## utvikle kompetansen og dele kunnskap på ein systematisk måte

**Det inneber å:**

- dele kunnskap og kompetanse med kollegaer – òg på tvers av seksjonar og avdelingar
- overføre kunnskap frå medarbeidarar som sluttar
- utvikle nye plattformer for deling av kunnskap
- utvikle opplæringsplanar og læringsløp for alle tilsette

## skape ein kultur for å gi og ta imot tilbakemeldingar

**Det inneber å:**

- utvikle evner hos både leiarar og medarbeidarar til å gi og ta imot tilbakemeldingar
- dele det som er bra
- vere opne om feil vi gjer og lære av dei



### ta leiarrolla, vere modige i endrings-arbeid og leiing

**Det inneber å:**

- vere tydeleg på kva mål vi jobbar mot
- gjennomføre og følgje opp endringar
- vere til stades, motivere og støtte medarbeidarane
- tenkje nytt og tore å utfordre ramme-vilkår og etablerte «sanningar»
- etterleve «Slik gjer vi det i NPE»

### aktivt få fram innovative tiltak

**Det inneber å:**

- skape arenaer for forbetrings- og utviklingstiltak på alle område
- teste ut forslag i liten skala
- ta raskare avgjerder for å gjennomføre forbetringar
- synleggjere forbetringsforslag og tiltak på tvers av verksemda

### byggje kompetansen vi treng i framtida

**Det inneber å:**

- kartleggje trongen for nye tenester til brukarane
- aktivt søkje ny kompetanse og nye måtar å jobbe på
- tilføre ny kompetanse til med-arbeidarane



# Vi har effektive og målretta **avgjerdsprosessar**

Dette får vi gjennom å:

### styrke avgjerdsevna hos saksbehandlarane

**Det inneber å:**

- gjere det klart for saksbehandlarane kva handlingsrom dei har
- skape tryggleik hos saksbehandlarane til å bruke kompetansen og fullmaktene sine
- bruke verktøy for fagstøtte meir
- etterleve «Slik gjer vi det i NPE»

### delegere oppgåver og avgjerder

**Det inneber å:**

- byggje kompetanse hos leiarar og medarbeidarar på kva det inneber å delegere
- ha enkle, raske og tydelege avgjerdsprosessar
- ta avgjerder på lågast mogleg nivå

### kommunisere avgjerder klart og tydeleg

**Det inneber å:**

- forklare avgjerder slik at medarbeidarane forstår dei og får eigarskap til dei
- sørgje for at alle medarbeidarar får same informasjon
- velje rette arenaer for å formidle avgjerder



# Vi brukar gode **digitale verktøy**

Dette gjer vi gjennom å:

## forenkle dagens løysingar

**Det inneber å:**

- skildre framtidig system-arkitektur
- utvikle og forenkle Isak i tråd med arkitekturen
- ta i bruk meir funksjonalitet frå standardproduktet som Isak er bygd på

## byggje digital kompetanse

**Det inneber å:**

- sentralisere opplæringa i Isak
- lage eit opplæringsløp for alle medarbeidarar og sakkunnige
- sørgje for at alle brukar systema på same måte
- sikre at vi har digital kompetanse, som møter morgondagens behov

## ta i bruk nye digitale verktøy

**Det inneber å:**

- automatisere delar av saksbehandlingsprosessen
- vidareutvikle digitale skjema, for å få strukturert datafangst
- tilby digitale sjølvbetenings-løysingar for erstatningssøkjar
- etablere ei digital lærings-plattform for tilsette





www.npe.no

NPE NORSK PASIENTSKADE-ERSTATNING